



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1. søndag i adventstida – 30. november 2014

Preiketekst: Luk 4,16-22a

Lesetekst I: Jes 61,1-3

Lesetekst II: Joh Op 5,1-5

Det nye nådeåret er her

Til dagen

Ein ny runde tek til! Prest og predikant *snur bunken*, heiter det. Det treng ikkje vera noko galt i det.

Faktum er i alle fall at det er advent, og då er det jula som tek fokus. Personleg finn eg det utfordrande å halda fast på advent som ein særreigen periode. Lysmesser, barnehage- og skuleavslutningar dreg oss mot Betlehem, slik at førebuingstida blir ei forlenga julefeiring, som då punkterer juledag. Men for ei fin tid! Tenk på alle samver me får, sterkt prega av tradisjonens attkjenningsglede. Predikanten får mange gode høve som kan utnyttast, og gjerne smugla inn litt genuint adventsstoff, sjølvsgagt med jødisk `aksent`.

Teksten for første adventssøndagen tek oss med inn i nettopp tradisjonen: *På sabbaten inn i synagogen som han brukte å gjera.*

Til teksten

Starten av vårt kapittel minner oss om Jesu førebuingstid. Han er døypt med vatn og Ande; han gjennomlever kampen mot den vonde i øydemarka. Slaget er vunne, og i `Andens kraft` vender han tilbake til Galilea (v 14). Jesus Messias vekker merksemd: Han gjev liv til gamle ord, verkar det som (*ikkje som våre skriftlærde*), og alle talar vel om han (v 15).

På sabbaten, sjølvve Dagen for jødane, går han heilt naturleg inn i synagoga, sjølvsgagt gjer han det, som from jøde. Synagoga er `adventsstaden`, forsamlinga av dei som ventar på Herren og minnest hans lovnader.

No er Han her, midt mellom sine egne. Han kjenner lovnadane om Herrens utsending. Han veit at han sjølv er denne, som av Gud er salva (!) å *forkynna ein god bodskap* (=evangelisera), og å ropa ut eit nådeår frå Herren (annus Domini).

Etter tradisjonen kunne han som ung eller vaksen jøde lesa og preika i gudstenesta. Han får Jesaja-rullen, og les (etter leseplanen?) frå kap 61. Sabbat-lesinga var ei *lectio Divina*, som dei ikkje slurva med.

Det var altså truleg ikkje eit slumpetreff at Jesus Messias får lesa ein Messias-profeti denne dagen.

Han får alle blick (fokus) mot seg, når han so legg ut kva ordet tyder.

«I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de høyrde på.» (v 21). Han sa sikkert noko meir også, men dette var summen. Lukas tilføyer at «alle tala vel om han og undra seg over nådeorda som kom frå hans munn. «Er ikkje dette son til Josef?»»

Her ligg noko av teksten sitt særpreg, som igjen er styrande for predikanten: Å gjenfortelja profeti og evangelium. Denne adventssøndagen let oss møta Han som Gud sende, Jesus Messias, son til Josef, oppfyllinga av Guds evige lovnader. Han kom til sitt eige. Han stadfeste ved det Guds frelsesplan, «for jøde først.»

Til preika

Predikanten får gjerne alle auge vende mot seg. Det er eit godt utgangspunkt for å skapa forventning og glede og godt rykte om *son til Josef*.

Å skrika mot julebrus og julegater og lusse-kattar er lite konstruktivt. Predikant og kyrkjelyd får som einskildpersonar og fellesskap vera gode førebilete. Gå regelmessig inn i forsamlinga (synagoga) for å møta Han som kom og som kjem og som koma skal.

Dei som ventar på Herren, har gode lovnader over seg. Slik kan me leva eit liv midt i livet, ikkje som losje med avgrensa tilgjenge, men som kraftsenter, ope for alle som vil.

Korkje advent eller jul er «norsk»; me er i denne tida nær Guds hjarte og Han som i kjærleik er send til alle folkeslag.

Dei mange anledningar i førjulstida kan vera *en skinnende mulighet* i så måte. Til dømes kan lysmessene i adventstida vera reine evangeliefordlarar. Profetiar leste, lys tende (gjærne Menorah), og Jesus Messias proklamert.

Kyrkjeåret er etter sitt vesen eit Herrens år, eit nådeår, som skal få utløysa (til)bedande hjarto, i ei bibelglad vandring med Han som er med oss alle dagar.

«Adventus Domini», Herrens kome, er eit uttrykk, som er innhaldsbestemt historisk, men som skal levast ut, og slik stadig fyllast med innhald. Akkurat som den jødiske Messias-tanken er tilbakeskuande, men samstundes gudstenestefeiring, til framtid og von. Og me kan evangelisera både her og der: Han kom, slik han sa. Me kan, liksom dei på Betlehemsmarkene, *lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.*

God adventstid, og signing over ein ny etappe i tenesta!

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster. Var i mange år medlem av og leiar for krinsstyret i Sogn og Fjordane krins av Israelsmisjonen, og frivillig predikant i samanhengen.

gepauls2@online.no

Redaktøren i Prekenverkstedet vil på denne plassen takka alle skribentane som har vore med i kyrkjeåret som gjekk. Mange av dei vil halda fram også i det nye som tek til no. Samstundes vil det dukka opp nokre nye som skriv. Velkommen til medarbeidarskap alle! Og godt nytt kyrkjeår til alle som les og brukar tekstkommentarane våre!

Paul Odland